

Møtereferat

Dato: 04.02.2016

Emne:	Referat frå møte i sentralt AKAN-utval 08.12.2015		
Til stades:	Bård Sandal, leiar Helene Systad, arbeidsgivarrepr. Rune Stadsnes, arbeidstakarrepr. Mariann Leganger, arbeidstakarrepr. Gro Altenau, bedriftslege, Bedriftshelsetenesta Frode Mannsåker, sekretær		
Forfall:	Jorunn Bakke Johannessen, fylkeshovudverneombod	Sak: 2014/193-21	
Møtetid:	8. desember 2015 kl. 09 – 11	Møtestad: Kontoret til Bård Sandal	

Møteleiar: Bård Sandal
Referent: Frode Mannsåker

Sak nr.		Ansvar	Frist
16/15	Referat frå møtet 22. september 2015 Referatet var sendt på førehand, og vart godkjent. Sak om vinlotteri nemnt under Eventuelt vert tatt opp i neste møte.	FM	Jan 16
17/15	Evaluering av AKAN-kurset i HFK 16.10.15 Tal deltakarar: 37. God blanding av type deltakarar. God innleiar frå AKAN kompetansesenter (Trygve Fredrik Myhren) Tydeleg at skolefolk er opptekne av spelavhengigheit. Interesser for dialogverktøyet frå AKAN. Praktisk: Litt lite mat i lunsjen. Evalueringsskjema mangla, bør nyttast ved neste høve. Konklusjon: Vellykka seminar.		
18/15	Rapport frå AKAN-dagane i Oslo 16. – 17. november Mariann la fram skriftleg oppsummering av si deltaking. Ho var svært nøgd med konferansen. Helene tok opp om vi kan nytte nokon av innleiarane i vårt kurs i HFK i 2016. Ho følgjer opp dette.	HS	Jan 16
19/15	Møteplan for 2016 Ein kom fram til følgjande møteplan: 19. februar kl. 13 – 15 29. april kl. 13 – 15 23. september kl. 13 – 15 25. november kl. 13 – 15 AKAN-kurs i HFK: fredag 28.10 (heile dagen) Frode innkallar i Outlook	FM	31.12

<p>20/15</p>	<p>Lokalt AKAN-arbeid – rammer/verktøy Ein drøfta dei utsendte dokumenta «Hovedverneombudets arbeid i enhetens AMU» og «Tips til diskusjon om køyrereglar-gråsoner». Konklusjonar: 1) Retningsliner for AMU-arbeid må vise til retningslinene for AKAN i HFK, der funksjonen som lokalt AKAN-utval er omtalt 2) Utarbeiding av ein sjekkliste for lokalt AKAN-arbeid bør settast opp på handlingsplanen for 2016. 3) Eit diskusjonsopplegg for lokalt haldningsarbeid kan bygge på AKAN sitt dialogverktøy. Utsending kjem inn i handlingsplanen våren 2016.</p>	<p>FM JBJ/FM FM</p>	<p>Vår 16 Jan 16 Jan 16</p>
<p>21/15</p>	<p>Eventuelt AKAN Kompetansesenter har utarbeidd ein ny rettleiar, «Veileder i AKAN-modellen». Vi ser nærare på denne i neste møte.</p> <p>- Neste møte: Fredag 19. februar kl.13 - 15</p>		